

Saksbehandlar: Jan Tore Rosenlund, Bygge- og eigedomstenesta
Sak nr.: 16/4881-12

Nytt opplærings- og kompetansesenter Førde

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Utarbeidd rom- og funksjonsprogram, datert 12.03.19, med samla nettoareal på 20.227 m², vert lagt til grunn for utbygging av ny vidaregåande skule og ny tannklinikk på Indre Øyrane i Førde.
2. Hafstad vidaregåande skule vert seld til Førde kommune i tråd med tidlegare vedteken intensjonsavtale. Det er føresett at Førde kommune gjer parallelt vedtak. Ny og endeleg avtale vert inngått ihht. dette. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre og signere endeleg avtale.
3. Den totale kostnadsramma vert sett til 720 mill. kr. Løns- og prisstigning, kostnader til tomtekjøp og kostnader i fbm. rekkefylgjekrav - som del av reguleringsprosessen - kjem i tillegg.
4. Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd Førde, vert ikkje ein del av dette prosjektet.

Vedlegg:

- a) Rom- og funksjonsprogram datert 12.03.19
- b) Utkast til kjøpe-/salskontrakt Hafstad vgs.

Andre relevante dokument i saka:

- a) Intensjonsavtale (FU-sak 105/17)

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram endeleg investeringssak om etablering av eit nytt samla opplæringsssenter på Indre Øyrane i Førde slik FT bad om i saka om Budsjett 2019/Økonomiplan 2019-22.

Prosjektet samlar funksjonane på dagens vidaregåande skular på Øyrane og Hafstad på ein plass. Ein ny tannhelseklinikk er og innarbeidd i programmet i samsvar med det vedtak FT har gjort om den framtidige klinikkstrukturen i fylket.

Det er ei overordna målsetting å bygge eit samla og sterkt opplærings- og kompetansesenter i Førde. Dette skal legge til rette for gode relasjonar mellom elevar og tilsette på tvers av fagområde og utdanningsprogram. Det skal etablerast ein fleksibel skule med framtidsetta løysingar og godt rom for samhandling og sambruk.

Det ligg openbare driftsføremoner og andre positive verknader med å samla skulen på ein stad framføre å drive undervisning på fleire stader slik ein gjer i dag i Førde.

Fylkesrådmannen legg i saka fram eit komplett rom- og funksjonsprogram (jf. vedlegg 1). Saman med føresetnader knytt til kalkylar, områderegulering, sal av Hafstad vidaregåande skule, samt avklaring kring Fagskulen i Sogn og Fjordane si lokalisering, gjev dette grunnlag for eit endeleg investeringsvedtak i saka.

2. Bakgrunn for saka

2.1 Bakgrunn for eit nytt og samla opplæringscenter i Førde

Den fylkeskommunale aktiviteten i Førde er i dag spreidd på svært mange plassar. Store føremoner med å samle dette har vore fylkesrådmannen sitt grunnlag for å arbeide med denne saka. Det har vore lagt fram fleire notat/saker om moglegheiter, utviklinga, målsettingar og føremoner knytt til det å få etablert eit nytt samla opplærings- og kompetansesenter på Indre Øyrane i Førde. Forutan dei naturlege driftsmessige føremonene, har fokuset vore knytt til dei positive verknadane for ungdomsmiljøet, samling av det pedagogiske personalet, auke kvaliteten på opplæringa, samt det å få styrka støttefunksjonar og elevtenester i skulen.

2.2 Mål for den framtidige skulen

Arbeidet med eit nytt og samla opplæringscenter i Førde er både eit skuleutbyggings- og skuleutviklingsprosjekt, og har m.a. sett seg følgjande sentrale mål for arbeidet:

Hovudmålet er å bygge for eitt samla og sterkt læringsmiljø for alle elevane, som skal legge til rette for gode relasjonar mellom elevar og tilsette. Skulebygget skal legge til rette for at elevar og tilsette blir kjende og kan vere ilag på tvers av fagområde, samtidig som alle elevar skal få tilhøyra sitt utdanningsprogram. På ettermiddag og kveld skal skulebygget vere tilrettelagt for ulike målgrupper som t.d. hybelbuarar og elevar i vaksenopplæring.

Opplæringa skal gi gode overgangar til opplæring i bedrift, vidare yrkesutdanning eller studiar ved høgskule og universitet. Skulen skal vere «tett på» alle elevar med støtte og oppfølging fram til avslutta kompetanse i yrkesfag og/eller studiekompetanse. Skulen skal legge til rette for tilpassa opplæring basert på individuelle elevbehov. Vi ønsker eit skulebygg der vaksne er synlege og tilgjengelege for elevane. Vi ønsker ein skule der personalet samarbeider tett om elevane og planløysering må legge til rette for møteplassar for personale og for lærarar og elevar.

Framtidsretta løysingar må vere fleksible slik at dei kan dekke nye funksjonar, handtere grupper med ulik storleik og slik at vi kan endre areala til nye føremål ved nye behov. Utviklinga av informasjonsteknologien går stadig fortare og skulen sin bruk av teknologi må stå sentralt. Skulen skal ruste elevane til eit framtidig arbeidsliv som vil krevje høg grad av digital kompetanse.

Den nye skulen må gje rom for læring på tvers av fagområde, og identifisere viktige område for samhandling og sambruk av funksjonar, både fellesareal, verkstadar og spesialrom.

2.3 Samarbeid med vertskommunen, intensjonsavtale og føresetnader

Det har vore eit godt samarbeid med vertskommunen Førde i saka. Tidleg og hyppig dialog har bidrege til at partane er oppdaterte på utviklinga i prosjektet. Vedteken intensjonsavtale datert 15.01.2018, jf. FU-sak 105/17, regulerer partane sitt felles mål med etableringa av eit nytt og samla fylkeskommunalt opplærings- og kompetansesenter i Førde. I denne avtalen er sal av Hafstad vgs og tilrettelegging ved områdereguleringa av Indre Øyrane sentrale føresetnader. Dette saman med å få utarbeida eit komplett rom- og funksjonsprogram for prosjektet har vore grunnleggande faktorar for at fylkesrådmannen no kan tilrå framlagt forslag til vedtak

2.4 Tidlegare vedtak

Fylkesrådmannen har gjennom notat, informasjon og saker til fylkesutvalet i 2016 og 2017 gjort greie for utviklinga i prosjektet og fått tilslutning til dette. Prosjektet var og teke inn som ein del av Budsjett 2018/økonomiplan 2018-21 (FT-sak 59/17). Seinast på møte den 4. desember 2018 vedtok fylkestinget, jf. FT-sak 56/18, m.a. slikt vedtakspunkt nr 6:

«Det skal fremjast eigne saker for følgjande investeringsprosjekt til fylkestinget i april 2019:

*Nye Førde vidaregåande skule med fokus på:
o endeleg vedtak kring sal av Hafstad vidaregåande skule
o endeleg stadfesting av investeringsprosjektet
o avklaring om Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd. Førde, skal vere ein del av denne investeringa.*

Innsparingar/meirinntekter i driftsbudsjettet som følgje av investeringsprosjekta vert først innarbeidd etter endelege prosjektvedtak i fylkestinget i april 2019».

Fylkesrådmannen kan no legge fram eit komplett rom- og funksjonsprogram. Saman med føresetnader knytt til områderegulering, sal av Hafstad vidaregåande skule, samt ei avklaring kring Fagskulen i Sogn og Fjordane si lokalisering er bakgrunnen for at saka no vert fremma.

3. Vurderingar og konsekvensar


3.1 Prosess og brukarmedverknad

Arbeidet med utarbeiding av eit komplett rom- og funksjonsprogram har vore organisert gjennom ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe. Styringsgruppa har hatt hovudansvar for overordna ramme for prosjektet og mandat for prosjektgruppe og brukargrupper. Prosjektgruppa har saman med programmeringsarkitektane leia programmeringsprosessen med i sum 18 ulike brukargrupper. I tillegg har prosjektgruppa samordna informasjon og drøftingar med arbeidsplassstillitsvalde, personale, leiargruppene og arbeidsplassstillitsvalde. Rektorane samordna informasjon og tilbakemeldingar frå elevråd/elevstyra. LAMU ved dei 2 skulane har handsama rom- og funksjonsprogrammet.

Tannhelsetenesta har organisert eiga brukargruppe for tannklinikken og har sjølv teke ansvar for å ivareta interne prosessar.

3.2 Hovudprinsipp - basestruktur, funksjonar og dimensjoneringsgrunnlag.

For å illustrere strukturen i den framtidige skulen er det utarbeidd ei prinsippsskisse, sjå fig. 1. Denne viser at dei sentrale fellesfunksjonane er plassert i «Hjartet i skulen», medan funksjonar knytt til utdanningsprogramma er plassert rundt. Rom- og funksjonsprogrammet er dimensjonert ut frå dagens elevtal, og tek høgde for naturlege variasjonar i gruppetal mellom utdannings-programma.



Figur 1 Prinsippsskisse basestruktur

Vurderingane av areal i ny i høve eksisterande skule er gjort med grunnlag i samanlikning av nettoareal (m² NTA). Det vert gjort merksam på at ulike areal og funksjonar i eksisterande og ny skule i varierende grad er mogleg å samanlikne. Rom- og sambruk endrar seg mellom skuleåra og i

registrerings- og berekningsmetodane vil ved samanlikning av arealbruk mellom nokre av brukargruppene vere vanskeleg. Til dømes gjeld dette teorirom, grupperom, naturfagrom mv.

Ved utarbeiding av romprogrammet har vi nytta FEF-modellen (dimensjoneringsmodell til fylkeskommunalt eiendomsforum) saman med arealbruk på referanseskular i Hordaland og Sogn og Fjordane (Askøy, Åsane, Voss, Sogndal). I tillegg kjem sjølvsgt skulen sine vurderingar i høve aktuelle læreplanar. FEF-tala er ikkje direkte samanliknbare på alle område. Både eksisterande og ny skule har noko meir areal enn FEF-modellen, og dagens paviljongskule (fleire bygg rundt eit sentralbygg) legg vesentlege føringar for kva som er mogleg å oppnå. Føresetnaden for å bygge «ein skule» krev samanbygging av dagens funksjonar og nye funksjonar. Ansvar som eksamensskule, behov for særskilt tilrettelegging og vaksenopplæring på yrkesfag gir ekstra arealbehov. I tillegg medfører krav til grupperom, auka arealkrav til lærararbeidsplassar og krav til universell utforming arealauke i høve til dagens skule.

Netto arealbehov i ny skule er i romprogrammet summert til 20 227 m² NTA. Eksisterande skular disponerer i dag samla 18 540 m² NTA. Differansen mellom ny skule og eksisterande skule er på 1687 m² NTA. Arealauken til pedagogisk formål er om lag 1200 m², resterande auke er knytt til bygningsdrift og tannklinikk. Det nye anlegget vil samla få eit bruttoareal på om lag 30.000 m². Dette er då inkl. eksisterande areal og føresett ein brutto/nettofaktor på nye areal på 1,3-1,4.

Skulen har 4 hovudbasar rundt «Hjartet i skulen» og har følgjande hovudfunksjonar:

«Hjartet i skulen»:

For å oppfylle «Mål for den framtidige skulen» (jf. ovanfor) og skape «ein skule» skal nybygg etablerast i ei samla og kompakt løysing saman med eksisterande bygg. Det er eit mål at heile skulen, med unntak av nybygg for kroppsøving, lager for driftsavdelinga og kaldlager for byggavdelinga, skal bindast saman med innvendig vrimleareal med korte gangavstandar organisert kring eit sentralt område. Dette må ligge nær hovudinngangen og skal vere senter for orientering og kommunikasjon. Hjartet i skulen skal signalisere openheit og legge til rette for samarbeid mellom lærarar og elevar, og samhandling mellom grupper av elevar. I dette området må det vere vrimleareal med sosiale møteplassar og område for kulturformidling (utstilling). Det må vere direkte tilgang til servicesenter/ resepsjon, kantine, bibliotek, samlingsrom mv. Realisering av planane om å binde saman heile skulen krev integrering av fellesområde og innvendig vrimle- og kommunikasjonsareal.

Base 1, Studieførebuingsbasen:

Basen inneheld utdanningsprogramma for media og kommunikasjon, kunst, design og arkitektur, fellesrom for studiespesialisering og arbeids- og kvardagstrening. Media og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur er føreslege plassert med nær tilknytning til bibliotek og vil vere ein ressurs for basen og eit viktig tilskot til utvikling av det sentrale hjartet i skulen. Vaksenopplæring kan leggst til denne basen, det same gjeld elevtenester, OT og skuleleiing/personale. Elevtenester og skuleleiing/personale skal ha felles resepsjon. Plassering av studieførebuingsbasen på sørsida av eksisterande hovudbygning vil skape ein trafikkstraum mellom basane gjennom hjartet i skulen. Løysinga vil legge til rette for integrasjon mot eksisterande skule og utvikling av ein felles skulekultur.

Base 2, Helsebasen:

Eksisterande blokk A og B vert base for helse og oppvekst, restaurant og matfag, og service og samferdsle slik det er i dag. På helse og oppvekst er det føresett noko ombygging for etablering av grupperom og for å styrke praksislæringa. Det er teke med litt ombygging for etablering av grupperom på service og samferdsle og noko ombygging for pauserom, bygningsdrift og lærarkontor. Elles er det føresett at basen kan gjenbrukast med minst mogleg grad av ombygging.

Base 3, Teknologibasen:

For styrke fagmiljøet og auke rekrutteringa til real- og teknologifaga skal avdeling for bygg, TIP, elektro og spesialrom for realfag, naturfag og teknologi samlast i base nord, Teknologibasen. Basen vert etablert ved å bygge saman eksisterande avdelingar for bygg og TIP som nybygg som inneheld teorirom, gruppe- og samtalerom, spesialrom, lab-rom, teknologihall med verkstadar og prosjektrum. For å auke fleksibiliteten mellom avdelingane skal teknologihallen utformast som ein generell hall på 680 m² med høgde tilsvarande 2 etasjar. Hallen etablerer moglegheiter for tverrfagleg undervisning, gjennomføring av undervisning med stor fagleg bredde på vg1, styrking av praksislæring på vg2, undervisning i støttefag og særskild tilrettelegging. Avdeling for kunst, design og arkitektur skal ha høve til å nytte verkstadane i teknologibasen i samband med prosjektarbeid.

Base 4, Kroppsøvingbasen:

Undervisning i kroppsøving omfattar nye Førde vgs inkl. avdelinga på Mo. Ein har tidlegare nytta to store idrettshallar i Førdehuset, men planlegg no ein idrettshall (fleirbrukshall) og fleire mindre aktivitetssalar. Dette er i tråd med læreplanane i faget som ønskjer å ha meir variasjon og mangfald i undervisninga. Førde vgs ønskjer å vidareføre programfag for breiddeidrett og tilrettelegging for toppidrett. Både idrettshallen og ein større aktivitetssal er og tenkt brukt som skulen si «storstove», der ein kan samle alle eller ei større gruppe elevar til ulike arrangement og eksamen. Med ei slik løysing med oppdeling i fleire salar har skulen ein større fleksibilitet til samtidig bruk, for eksempel gjennomføring av eksamen samtidig med undervisning kroppsøving.

For å oppfylle krav i spelemiddelordninga skal idrettshall og aktivitetssalar vere tilgjengeleg for lokale idrettslag og eigenorganisert aktivitet utanom skuletid. I tillegg er det forventningar om å ha noko tribunekapasitet slik at arealet og kan nyttast til arrangement. Flytting av kroppsøvningsfaget til Indre Øyrane gir ikkje like gode føresetnader for utandørs aktivitet, då det er avstand til stadion og baner ved Førdehuset og Hafstadparken. Ein er difor avhengig av å etablere meir utandørs aktivitetsområde i tilknytning til skule og på felles offentleg parkområde på Indre Øyrane, slik at ein framleis kan gjennomføre utandørs kroppsøving i tilknytning til eigen idrettshall.

3.3 Teknisk drift, parkering

Bygningsdrift omfattar rom som er naudsynt for den tekniske drifta av skulen. Lokaliseringa er og hovudbase for den tekniske avdelinga til eigedomsseksjonen som omfattar heile Sunnfjordområdet. I areal for bygningsdrift inngår og ein ny miljøstasjon for heile skulen.

Parkeringskjellar er ikkje med i nytt netto romprogram, men den er kalkulert i budsjettet med 100 plassar/2000 m² NTA.

3.4 Tannklinikk

Arealet til ny tannhelseklinikk i Førde er innarbeida i rom- og funksjonsprogrammet. Dette er i samsvar med fylkestinget sitt vedtak om tannhelsestrukturen (FT sak 25/16). Det er i dette vedtaket lagt til grunn at m.a. Førde tannklinikk skal utvidast, då dagens klinikk ikkje stettar framtidig behov etter samlokalisering av klinikkane i området (Naustdal, Vassenden, Sande) Klinikken får ein auke i arealet i høve dagens leigeareal og vert dimensjonert med 12 behandlingsrom.

Det vert fremja ei eiga og oppdatert sak på tannhelsestrukturen til FU/FT i april 2019.

3.5 Fagskulen i Sogn og Fjordane

I tråd med tilråding frå styret i Fagskulen i Sogn og Fjordane, er skulen si avdeling i Førde ikkje del av rom- og funksjonsprogrammet. Styret i fagskulen gjorde i sak 13/18, 05.11.18, slikt vedtak:

«Basert på ny lovgiving, sentrale føringar og utvikling av samarbeid med HVL, vil integrasjon i Førde vgs ikkje bygge opp utviklingsperspektiva og handlingsrommet til Fagskulen. Ei vidare lokalisering i Concord med samarbeid med Førde vgs og HVL gir best grunnlag for å styrke rekrutteringa, utdanningsstrategiar, kompetanseutvikling og langsiktig effektivisering av areal, investeringar og drift.»

Fylkesrådmannen følgjer opp dette vedtaket og har ikkje implementert fagskulen sitt arealbehov i rom- og funksjonsprogrammet for det nye opplæringscenteret.

3.6 Sal av eigedommen Hafstad vgs

Sal av eigedomen Hafstad vidaregåande skule er i all hovudsak regulert i intensjonsavtalen som i perioden ikkje vore gjenstand for vesentlege endringar. Partane har drøfta og utarbeidd utkast til endeleg avtale som ligg ved saka (vedlegg nr 2). Slik fylkesrådmannen ser det kan vi no slutføre tingingane og signere avtalen.

3.7 Planstatus/ konsekvensar områdeplan for Indre Øyrane

Førde kommune sende områderegulering Indre Øyrane til høyring og offentleg ettersyn i brev av 02.11.2018. Her er føremål, planområde og informasjon om innspel og merknader gjort greie for, med frist 15.12.18. I brev av 14.12.18 svarar vi ut dette i ei fråsegn til planen. Dette gjeld både arealdisponering, utnyttingsgrad, byggehøgder, uteareal, parkering, vegar og tilkomst, samt innspel knytt til bussavvikling og varelevering.

Planen skal leggest fram for planutvalet i Førde 21.03.18 og bustyret 28.03.18. Det er først etter denne handsaminga vi har oversikt over det endelege planforslaget med føresegner.

3.8 Føresetnader og utbyggingsavtale

Det er halde fleire møte med kommunen for å klargjere føresetnader som må ligge til grunn i det vidare prosjektarbeidet og ikkje minst kva vi som utbygger må forvente av økonomiske utfordringar knytt til dei ulike regulerings- og rekkefylgjekrava. I drøftingane har vi komme fram til at dette kan regulerast i ein utbyggingsavtale der Førde kommune tek ei koordinerande rolle i utbygginga av offentleg infrastruktur, oppfylling av rekkjefylgjekrav og i høve erverv og tilrettelegging av areal til offentlege føremål. Avtalen vil truleg bli lagt opp etter anleggsbidragsmodellen der kommunen forskoterer utbygging av infrastruktur og vi som tiltakshavar forpliktar oss til å betale anleggsbidrag på det tidspunkt vi søkjer igangsettingsløyve. Kostnadsfordelinga for tiltaka vert ein del av forhandlingane, men vanlegvis blir fordeling etter prinsippa for refusjon etter plan og bygningslova nytta. Når områdeplanen er vedteken vil vi søke å gå vidare med avtaleforhandlingane så snart som mogleg. Det er såleis ikkje mogleg å legge inn desse kostnadane i overslaget med tilstrekkeleg grad av sikkerheit no.

3.9 Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fylkestinget handsama budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 (jf. FT-sak 56/18) med eit samla investeringsbehov på 720 mill. kr for dette prosjektet. Rom og funksjonsprogrammet vert no lagt fram og i den samanheng er prosjektet kalkulert på nytt med tilnærma same resultat. Det har likevel kome visse endringar i arealprogrammet. Ei vesentleg endring som krev mindre areal er at romprogrammet for å integrere Fagskulen er trekt ut. Men så er det også kome behov for ein viss arealauke. Dette gjeld vesentleg areal knytt til utfordringa med å binde saman dagens skule (paviljongstruktur) til ein samla skule (basestruktur). Dette gjev og noko meir rivingsareal. Vidare har areal knytt til vaksenopplæring og parkering utfordra programmet noko, men samla sett har det vore arbeidd aktivt med å finne arealeffektive løysingar slik at vedteken ramme kunne haldast uendra. Fylkesrådmannen finn difor ikkje grunnlag for å endre investeringsramma

Det er i slutfasen arbeidd mykje med dei usikre momenta rundt erverv og regulerings- og rekkefylgjekrav i områdereguleringa som vil påverke den endelege kostnadsramma. Det er diverre ikkje mogleg no å talfeste dette på ein fullgod måte. Skal vi likevel anta noko svært grovt vil vi seie at kostnadane for den fylkeskommunale delen truleg vil ligge mellom 20-40 mill. kr. Fylkesrådmannen understrekar at svært mange faktorar omkring omfang, løysingar og fordeling i høve andre utbyggerar i planen ikkje er klar no, så dette må vi difor få kome tilbake til på eit seinare tidspunkt og så snart utbyggingsavtalen (jf. pkt. 3.8) er klar.

Fylkesrådmannen vil presisere at det framleis er kalkylar som ligg til grunn for kostnadsoverslaget. Kostnadsoverslaget er basert på Norsk prisbok 2018 og marknadsprisar/erfaringar frå tilsvarende prosjekt i Sogn og Fjordane. Generelt er det knytt høg risiko til kostnadsoverslag på programnivå, der vi no er. Avvik frå kalkylen på +/- 15% vil ikkje være unormalt. Usikkerheita er og høgare i prosjekt med stort omfang av ombygging og tilpassing til eksisterande anlegg, enn i reine nybygg.

Då Fagskulen i Sogn og Fjordane ikkje vert ein del av prosjektet (pkt. 3.5) vil fylkeskommunen ikkje vil få full innsparing på husleige i Concordbygget slik vi hadde føresett i dei opphavlege vurderingane. På den andre sida slepp vi å ta visse investeringskostnadar i prosjektet. Fagskulen leiger i dag om lag 1.000 m² i Concord og betalar om lag 1,5 mill. kr i årleg husleige.

Det er sidan starten av prosjektet føresett at ein samla skule og færre leigeavtalar i Førde vil gi ei innsparing i høve dagens drift. Innsparinga er kalkulert til om lag 9 mill. kr årleg. Av dette er om lag halvparten knytt til stordriftsfordeler med skuledrift på ein stad og halvparten knytt til innsparingar i husleigeavtalar og transportutgifter. Prosjektet er planlagt ferdigstilt 1. kvartal 2023 med sannsynleg komplett skuledrift frå starten av skuleåret 2023/2024. Desse innsparingane må då innarbeidast i budsjettet frå 2023. Innsparinga i driftsbudsjettet vert stipulert til om lag 4,5 mill.kr (halvårseffekt) i 2023 og full effekt med 9 mill. kr årleg frå 2024.

I investeringsbudsjettet for 2023 vert salet av Hafstad vgs på 90 mill. kr, samt spelemidlar til finansiering av idrettshall på om lag 15 mill. kr, ein del av finansieringa. Dette er føresetnader som førebels ikkje ligg inne og som vil redusere behovet for låneopptak.

Innsparingar og meirinntekter vert føresetnader som må innarbeidast i arbeidet med budsjett/økonomiplan i Vestland Fk.

Med dette meiner fylkesrådmannen å ha svara ut den delen av vedtaket i budsjett 2019 der det står:

«Innsparingar/meirinntekter i driftsbudsjettet som følgje av investeringsprosjekta vert først innarbeidd etter endelege prosjektvedtak i fylkestinget i april 2019».

3.10 Gjennomføring og framdrift

Rom- og funksjonsprogrammet er no gjennomført som planlagt og det vert arbeidd med å klargjere eit anbudsgrunnlag for utlysning. Prosjektet er førebels planlagt med slik tentativ ramme for framdrift:

Kunngjering	veke 17/2019
Frist søknad deltaking	veke 23/2019
Invitasjon til deltaking	veke 27/2019
Tilbudsfrist totalentreprise	veke 44/2019
Val av leverandør	veke 50/2019
Kontrahering	des. 2019
Samspelfase/forprosjekt	mai 2020
Utføring/bygging/ombygging	juni 2020 – des. 2022

Prosjektet er tenkt gjennomført som ein totalentreprise med samspel. Det vert invitert til deltaking i ein pris-/designkonkurranse med eit avgrensa tal entreprenørar. På grunnlag av fastsette kriteria vel ein leverandør og gjennomfører ein samspelfase på forprosjektnivå. Med slik faseoppdeling får vi større tryggleik knytt til dei økonomiske rammene i prosjektet. Dette er viktig i eit så stort og komplisert prosjekt.

3.11 Andre saker, risiko, mm

Det er mange faktorar som skal handsamast og kan påverke både økonomi, framdrift og løysingar i eit så omfattande prosjekt som å etablere ein ny samla vidaregåande skule og nytt tannhelsesenter i Førde. Fylkesrådmannen vil her peike på nokre sentrale tilhøve i dette bildet:

- Grunnundersøkingar

Det er i fbm. tidlegare prosjekt gjort nokre utgreiingar omkring grunntilhøva i det aktuelle område. Det vil bli tinga nye undersøkingar slik at ein i størst mogleg grad vil eliminere usikkerheit knytt til grunnarbeid og løysingar for fundamentering i prosjektet.

- Klima og miljøkonsekvensar

Av fleire omsyn, m.a. klimagassutslepp, er det ynskjeleg å nytte eksisterande bygningsmasse i størst mogleg grad. Dette ligg til grunn for tenkinga omkring programarbeidet ein no legg fram der eksisterande areal i størst mogleg grad skal nyttast som før. Nybygget vil bli oppført med strenge krav til energi-/materialbruk og klimagassutslepp både under oppføring og drift. Dette i samsvar med gjeldane regelverk og med dei målsettingar vi har sett til oss sjølv i vedteken miljø- og klimaplan.

- Helse, miljø og tryggleik

Helse, miljø og tryggleik skal vektleggast og skal fylgje dei krav og retningsliner som er stilte i Opplæringslova, Kommunehelsetenestelova og Arbeidsmiljølova. I tillegg må det leggast vekt på trafikktryggleik. HMT skal vektleggast både i prosjekterings- og byggefasen. Gjennomføringa av prosjektet legg grunnlag for at gjeldande lovverk kan etterlevast ved drifta av anlegget.

- Universell utforming

Skuleanlegget skal utformast etter universell utforming, dvs. at det vert bygd på ein slik måte at det vert brukbart for flest mogeleg utan at det må gjerast spesielle tilpassingar. Ei spesiell utfordring vil her ligge på den eksisterande bygningsmassen som på dette området har utfordringar. Vidare skal inkludering vera ei målsetjing og eit aspekt som er med i heile planleggingsprosessen, der hovudkravet er likskap for alle brukarar uansett spesielle behov.

- Risiko

Risikobiletet er omfattande, men likevel ikkje knytt til spesielt store og kjende utfordringar slik fylkesrådmannen ser det no. Rom- og funksjonsprogrammet er på plass og dette er heilt sentralt i høve behov, krav og overordna løysingar i prosjektet. Ein har såleis redusert risikobilde betydeleg på dette området. Det er framleis risikomoment knytt til grunntilhøve, erverv, bruksrettar og utbyggingsavtalen, men ikkje ut over det normale i ein slik tidelegfase vi no er i. Den økonomiske risikoen er peika på tidlegare i saka (jf. pkt. 3.9), men rom- og funksjonsprogrammet er og grunnlag for kalkuleringa slik at risikoen no er redusert også på dette området.

4. Konklusjon

Etter ei samla vurdering tilrår fylkesrådmannen at prosjektet vert vidareført i samsvar med saksframstillinga og framlagt forslag til vedtak.

Det er gjort eit grundig arbeid i høve behovet både for opplæringsdelen og tannhelseklinikken som gjer at ein no kan legge fram eit samla rom- og funksjonsprogram. Det har vore ein omfattande prosess med mange brukargrupper og involvering av tilsette, tillitsvalde, elevar og skuleleiinga. Den framlagde basestrukturen gjev eit godt grunnlag for å nå målet med å få etablert eit samla og sterkt opplærings- og kompetansesenter i Førde og for at ein i framtida kan dra ut dei føremoner som ligg i ei slik samla fylkeskommunal lokalisering.

Tannhersedelen får med dette ein ny og framtidsretta klinikk som dannar grunnlaget for at klinikken kan vere eit senter for spesialisttenester i tillegg til vanleg drift.